

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.02.2025

Vår ref.: 202418181-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om endra manøvreringsreglement for Byrtevatn kraftverk i Tokke kommune, Telemark fylke

NVE har fått inn ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve etter vassdragsreguleringslova § 9 til å endre et av vilkåra i revidert konsesjon av 17.06.2022 for Tokke-Vinjevassdraget. Søknaden blir no send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 6.5.2025.

Kva det vert søkt om

NVE fekk søknad frå Statkraft Energi AS, datert 1.10.2024, om løyve etter vassdragsreguleringslova til å endre et av vilkåra i revidert konsesjon av 17.06.2022 for Tokke-Vinjevassdraget.

I revidert konsesjon er det stilt følgjande krav om minstevassføring frå Byrtevatn:

«Fra Byrtevatn skal det slippes 0,2 m²/s i perioden 15.5 – 15.9 når vannstanden i magasinet er over kote 435».

Vassleppet vart første gong sleppt våren 2023 og Statkraft erfarte då at nivået i elva nedanfor dammen låg 1,2 meter høgare enn kravet på kote 435. Ved opning av luka rann vatnet derfor feil veg, frå elva og inn i magasinet. Statkraft ønskjer ei løysing som baserer seg på naturleg sjølvfall, og søker derfor om å endre kotehøgde i kravet til følgjande:

«Fra Byrtevatn skal det slippes 0,2 m²/s i perioden 15.5 – 15.9 når vannstanden i magasinet er over kote 437,5».

Dette alternativet vil gjere at det kan etablerast ei enkel teknisk tappeanordning, basert på røyr gjennomføring frå magasinet og ut i tappetunnelen. Etter Statkraft si vurdering vil ikkje endringa av kotehøgde medføre nokon ulemper eller negative miljøkonsekvensar.

Søknaden skal behandlast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9522/V.



Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyring av søknaden ønskjer NVE å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan sendast inn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på saka si nettsida (www.nve.no/9522/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202418181 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202418181 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er: **6. mai 2025**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Tokke kommune om å informere om saka på nettsidene sine og eventuelt sosiale medium.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
fagleder

Anne Karine Herland
seniorrådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

**Mottakarliste:**

Tokke-Vinje vassområde - Silje Hereid
Tokke turlag
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
MILJØDIREKTORATET
Energidepartementet
LEDE AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
WWF Norge AS
TOKKE KOMMUNE
VINJE KOMMUNE
Tokke Jeger og Fiskerforening - Jørund Håvard Askje
Villreinnemnda for Setesdalsområdet
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
NJFF – Telemark
Naturvernforbundet i Midt-Telemark
Vannregion Vest-Viken
Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
Bandak fiskelag v/Kai Brattestå
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
TELEMARK NETT AS
DNT Telemark
TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS